

# KR 10/02 Særskilte preiketekstar 2003 - 2004

Råd, nemnder m.v.	Møtestad	Møtedato
Nemnd f. gudstjenesteliv	Oslo	30.08.2001
Bispemøtet	Oslo	21.-25.09.2001
Kirkerådet	Oslo	20.-21.02.2002

## Sakshandsamar:

Åge Haavik

## Saksdokument:

Saksutgreiing

## Sak nr.

**KR 10/02: Særskilte preiketekstar 2003 - 2004**

## Samandrag:

Kyrkjemøtet har delegert til Kyrkjerådet å fastsetja dei særskilte preiketekstane for kvart kyrkjeår. NFG har gjort framlegg etter same prinsipp som dei ein har nytta tidlegare år. Bispemøtet har handsama saka og slutta seg til framlegget frå NFG utan merknader.

## Framlegg til vedtak:

Særskilte preiketekstar for kyrkjeåret 2003/2004 vedteke i samsvar med framlegget.

## **Saksutgreiing:**

### **Bakgrunn**

Tekstane i kyrkjeåret inneheld for kvar sun- og helgedag i kyrkjeåret to alternerande rekkjer med tekstar til dei tre lesingane i høgmessa. I tillegg til desse ordinære rekkjene inneheld boka for kvar dag eit fyldig utval av tilleggstekstar.

Preiketeksten i høgmessa er til vanleg lesinga frå evangeliet. For å skapa større variasjon enn det den årlege alterneringa mellom fyrste og andre rekkje gjev, og for å syta for at jamvel andre delar av Guds ord enn avsnitta frå evangelia vert utlagde i preika, gjer Kyrkjemøtet for kvart kyrkjeår vedtak om eit sett med særskilde preiketekstar (jf. kgl. res. 26/10-90). Frå og med 1/1-2001 har Kyrkjemøtet delegert til Kyrkjerådet å gjera vedtak om særskilde preiketekstar etter innstilling frå Nemnd for gudstenesteliv og uttale frå Bispemøtet (sak KM 6/00).

I regelen har ein gjort dette for om lag tolv sun- og helgedagar i kvart kyrkjeår. Desse særskilde preiketekstane kan vera ein av dei andre lesetekstane for dagen eller dei kan vera henta frå rekkja med tilleggstekstar.

### **Kyrkjeåret 2003/2004**

1. Denne gongen gjer NFG framlegg om 13 tekstar: 12 + 17. mai, som er ein dag med ulike lokale tradisjonar når det gjeld gudstenestefeiringa.
2. Av dei 13 tekstane har 3 vore nytta tidlegare. Dette er det vist til til høgre på arket.
3. 6 av de 13 tekstane er henta frå GT og 7 frå NT.
4. 8 høyrer til ein av dei andre tekstene i 2. rekke, og 5 høyrer til dei såkalla tilleggstekstane, merkte med T-tekst i oppstillinga.
5. Ein gjer særskilt merksam på at for første gongen vert den sentrale teksten i Jes 53,1-5 henta inn som preikentekst. I vårt tekstoppsett er dette kjente kapitlet fordelt på Skjærtorsdag (2. rekkja) og som tilleggstekst på Langfredag, då det i vår kyrkje har vore ein ubrotten tradisjon å preika over ein av dei fire evangelietekstane, etter ein fast årssyklus. Skal denne sentrale teksten i det heile verta nytta til preike/tekstutleggjing ved hovudsamlinga i kyrkjelyden, så er Skjærtorsdag einaste mogelege høve. Dette høvet gjer ein altså framlegg om å nytta i år, for første gong etter at ordningen med særskilte preikentekstar vart innført frå og med kyrkjeåret 1997-78.

På grunnlag av dette har Nemnd for gudstenesteliv handsama saka på sitt møte 30. august 2001 (sjå sak NFG 37/01). Bispemøtet har på sitt møte 21.-25. september 2001 (sjå sak BM 21/2001-4) slutta seg til framlegget frå NFG utan merknader.

## **Nynorsk**

Kyrkjeåret 2003/2004 har evangelietekstane i 2. rekkja som preiketekstar med desse unnataka:

3. sundag i advent: 2 Pet 1,19-21

Nyttårsaftan: Klag 3,22-26

Såmannssundagen: Sal 33,1-9 (T-tekst)

3. s. i faste: Hebr 12,1-3 (T-tekst) (1994-95)

Skjærtorsdag: Jes 53,1-5

4. s. e. påske: 1 Joh 4,10-16

Treeiningssundag/

1. s. e. pinse: Jes 6,1-8 (1983-84)

7. s. e. pinse: Josva 24,19-24 (1981-82)

10. s. e. pinse: Apg 20,17-24

14. s. e. pinse: Rom 12,9-15 (T-tekst)

19. s. e. pinse: Matt 13,44-46 (T-tekst)

Siste s. i kyrkjeåret: Op 22,12-17

17. mai/Grunnlovsdag: Sal 121 (T-tekst)

Teksten for Langfredag er Joh 18,1-19,30.

\*

## **Bokmål**

Kirkeåret 2003/2004 har evangelietekstene i 2. rekke som preikentekster med

disse unntakene:

3. søndag i advent: 2 Pet 1,19-21

Nyttårsaften: Klag 3,22-26

Såmannssøndag: Sal 33,1-9 (T-tekst)

3. s. i faste: Hebr 12,1-3 (T-tekst) (1994-95)

Skjærtorsdag: Jes 53,1-5

4. s. e. påske: 1 Joh 4,10-16

Treenighetssøndag/

1. s. e. pinse: Jes 6,1-8 (1983-84)

7. s. e. pinse: Josva 24,19-24 (1981-82)

10. s. e. pinse: Apg 20,17-24

14. s. e. pinse: Rom 12,9-15 (T-tekst)

19. s. e. pinse: Matt 13,44-46 (T-tekst)

Siste s. i kirkeåret: Åp 22,12-17

17. mai/Grunnlovsdag: Sal 121 (T-tekst)

Teksten for Langfredag er Joh 18,1-19,30.

\*